



Tiltaksplan – oppfølging av forvaltningsrevisjon skoleskyss

Status pr. 23.februar 2017

Bakgrunn og innleiing

- Skyss har over tid arbeidd med korleis organisere seg rundt dei viktigaste oppgåvene Skyss har ansvar for. I den samanheng har avdeling Trafikktildod nyleg vore gjennom ei omorganisering, der det i juni 2016 vart bestemt at oppgåvene knytt til skoleskyss skal organiserast gjennom ei eiga faggruppe.
- Ny faggruppeleiari er på plass frå 02.januar 2017. Faggruppe skoleskyss er nå fullt etablert.
- Faggruppeleiari er i gang med å sette seg inn i de ulike rollene og har starta arbeidet med etablering av system og rutinar for faggruppa. Fleire av tiltaka som er skissert i planen fell inn under rolla til den nye faggruppeleiaren og vert forventa sett i verk i løpet av dei kommande månadene.
- Faggruppeleiari er saman med leiari trafikktildod ansvarleg for at tiltaka blir sett i verk.
- Førre rapportering av status var i september 2016
- Felles frist for tiltaka er oktober 2017
 - Unntaket er tiltak om å «stilla tydelegare kontraktskrav til operatørar ved bruk av underoperatør til utføringa av skuleskyss». Dette tiltaket må innførast i samband med oppstart av nye kontraktar.

Tilråding 1. a - tiltak og status

1. *Etablerer eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skoleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:*
 - a. *Tydeleg avklart ansvarsdeling mellom Skyss og samferdselsavdelinga, mellom Skyss og kommunar og mellom Skyss og operatørar som Skyss har kontrakt med.*

Tiltak v/Skyss

- Utarbeide dokument som skildrar ansvarsfordeling og mynde mellom Skyss og samferdsleavdelinga
- Utarbeide dokument som skildrar ansvarsfordeling og mynde mellom Skyss og kommunar
- Utarbeide dokument som skildrar ansvarsfordeling og mynde mellom Skyss og operatørar

Status 23.02.2017

- Dokument som skildrar ansvarsfordeling mellom Skyss og operatørar er under utarbeiding. Dokumentet tek utgangspunkt i kontraktane mellom Skyss og operatørane.
- Dei andre dokumenta er ikkje byrja på.

Tilråding 1. b - tiltak og status

1. *Etablerer eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skoleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:*
 - b. *Tydeleg avklarte arbeidsoppgåver og ansvarsdeling for arbeidet med skoleskyss internt i Skyss.*

Tiltak v/Skyss

- Utarbeide dokument som skildrar arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling for arbeidet med skuleskyss internt i skyss (inkl. stillingsbeskrivingar)

Status 23.02.2017

- Arbeidsoppgåvene i faggruppe skoleskyss er kartlagt og dokumentert. Dokument som skildrar ansvarsfordelinga framover er snart sluttført og stillingsbeskrivingane er under sluttføring.

Tilråding 1. c - tiltak og status

1. *Etablerer eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skoleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:*
 - c. *Oppdaterte prosedyrar, retningsliner og rutinar for arbeidet med skoleskyss som blir revidert jamleg.*

Tiltak v/Skyss

- Etablere rutinar som sikrar årleg revisjon av skysshåndbøkene og dokumentasjonen som ligg til grunn for sakshandsaminga i Cert
- Etablere system for fordeling av innkomne søknadar knytt til skoleskyss
- Etablere rutinar som sikrar at søknad om dispensasjon frå kravet i opplæringslova om fri skuleskyss for elevar i vidaregåande skule blir sendt kvart år
- Etablere system for årleg gjennomgang og evaluering av hovudaktivitetane for skuleskyssområdet

Tilråding 1. c - tiltak og status *forts.*

Status 23.02.2017

- Skyss har utarbeidd eit årshjul som skildrar overordna oppgåver innanfor skoleskyss. Her inngår frist for revisjon av skysshåndbøkene. Konkrete oppgåver knytt til roller i faggruppa tilarbeidast som ein del av stillingsbeskrivingane.
- Eit system for fordeling av søknader knytt til ansvarsområda er snart sluttført. Ansvaret inngår i stillingsbeskrivingane/ansvarfordelinga som er under sluttføring.
- Søknad om dispensasjon frå kravet om fri skoleskyss for vidaregåande elevar inngår i årshjulet som har blitt utarbeidd. Oppgåva er knytt til ei av rollene i faggruppa.
- Årlig gjennomgang og evaluering av hovudaktivitetane skal leggast som ein aktivitet i årshjulet og i rollene (årshjulet skal reviderast fast ein gong årleg og eventuelt fleire gongar ved behov). Hovudaktivitetane vert no gjennomgått av den nye faggruppeleiaren, og grunnlag skal settas for framtidig evaluering.

Tilråding 1. d - tiltak og status

1. *Etablerer eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skoleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:*
 - d. *System for registrering og handsaming av klager.*

Tiltak v/Skyss

- Etablere system for registrering, arkivering og oppfølging av innkomne klager.

Status 23.02.2017

- Prosedyre for klagegong er under utarbeiding.
- System og rutinar er laga for registrering og oppfølging av klagane.

Tilråding 2. - tiltak og status

-
- 2. *Etablerer system og rutinar for samhandling med kommunane i samsvar med krav i regelverk og interne skildringar.*

Tiltak v/Skyss

- Utarbeide skriftlege retningslinjer for samhandling mellom Skyss og kommunane
- Etablere fast(e) møtepunkt med opplæringsavdelinga knytt til samhandling om skuleskyss i vidaregåande skule
- Etablere fast(e) møtepunkt med kommunane (t.d. årleg informasjonsmøte) knytt til samhandling om skuleskyss i grunnskulen
- Opprette kontaktutval for skuleskyss i fylket

Status 23.02.2017

- Ei analyse er byrja på for å kartlegge behov for samhandling/innspel frå kommunane gjennom året i forhold til interne prosessar.
- Halvårlege møter med opplæringsavdelinga er sett opp.
- Planar for forbetring av samhandlinga med kommunane er under arbeid. Blant anna er det under vurdering eit årleg dialogforum.
 - Som ein del av arbeidet mot kommunane har sett fokus på bruk av søknadssystemet Cert i skolane, med mål for å oppfriske regelverk og forbetre kvaliteten på innhaldet i søknadsprosessen som igjen påverkar kvaliteten på planlegging av skysstilbodet. Om lag 180 deltakarar frå 150 skular har vore på kurs no i januar og februar.
- Arbeidet med oppretting kontaktutval er ikkje byrja på.

Tilråding 3. - tiltak og status

3. *Gjennomføre jamlege økonomiske analysar som kan leggast til grunn for ei realistisk budsjettering av forvaltninga av skuleskyss.*

Tiltak v/Skyss

- Utarbeide retningslinjer for gjennomføring av årlege økonomiske analysar (t.d. ved bruk av nøkkeltal frå Cert)

Status 23.02.2017

- Analyse av økonomiske data og oppfølgingsbehov er byrja på. Blant anna vert faktiske kostnader følgd opp og samanlikna månadleg mot budsjettet.
- I tillegg er det sett i gong arbeid med rutinar for gjennomføring av månadlege prognosar.
- Ansvar for gjennomføring av økonomiske analysar er lagt som oppgåve i faggruppeleiars skoleskyss sin stillingsbeskriving.

Tilråding 4. - tiltak og status

-
4. *Gjennomføre tiltak for å sikre eit tilstrekkeleg kostnadseffektivt skysstilbod, under dette*
 - a. *Betre heilskapleg planlegging av skysstilbodet*
 - b. *Betere oppfølging av operatørar*

Tiltak v/Skyss

- Avklare arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling for ruteplanlegging av skysstilbodet
- Avklare arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling når det gjeld oppfølging av operatørar
- Utarbeide retningslinjer for oppfølging av operatør
- Stille tydelege kontraktskrav til operatørar ved bruk av underoperatør til utføringa av skuleskyss

Status 23.02.2017

- Skyss har etablert ny struktur med nye faggrupper. Faggruppeleiar for skoleskyss og faggruppeleiar for operatøroppfølging er på plass frå 02.januar. Avklaringane om arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling mellom faggruppene blir gjennomført som del av implementeringa av nye faggrupper.
- Retningslinjer for oppfølging av eigne skoleskyssoperatørar er under arbeidd.
- Kontraktskrav til operatørar ved bruk av underoperatør har blitt tydeleggjort i kontraktane som er lyst ut den siste tida og blir implementert vidare ved utlysing av nye kontraktar. Basert på erfaringar med busskontrakt for Hardanger Voss (2016) har Skyss jobba med å i større grad tydeleggjere krava framtidige anbodskontraktar, til dømes for ny kontrakt i Sunnhordland (2017) samt anbod Nordhordland (2018).